

Betalingssatsar for borgarleg vigsle i Kvam herad

Brurepar og val av seremoni

Alle som ynskjer og som oppfyller vilkåra for å kunne inngå ekteskap, jf. Ekteskapslova § 12 a, kan vigslast i Kvam herad.

Kvam herad tilbyr vigsle utan kostnad for kommunen sine innbyggjarar, for utanlandske statsborgarar og for norske statsborgarar som er busett i utlandet. Det er tilstrekkeleg at ein av dei som skal gifte seg er busett i Kvam. Det er dei alminnelege reglane om folkeregistrering av bustadadresse som regulerer kven som vert rekna for å vera busett i Kvam.

Kvam herad tek betaling for naudsynte meirkostnader dersom

- brureparet vert vigsla utanfor fastsett tid (09.00 -15.00, måndag-fredag)
- bestilt seremoni varer i meir enn 30 minutt
- seremonien vert lagt ein annan stad enn seremonirommet på rådhuset i Norheimsund, dersom det medfører ekstra kostnader til transport, lokale, overnatting for vigslaren m.m.

Brureparet må avtala korleis dei ynskjer seremonien i god tid før vigsla.

Eventuelle kostnadar ved vigsla vert utrekna i kvart einskilde tilfelle og brureparet skal informerast om pris i forkant av vigsla.

Betalingssatsar per 01.01.2018

| Ordinær tid: Kl 9-15, måndag-fredag | Innbyggjarar i Kvam/ Busette i utlandet | Innbyggjarar frå andre kommunar |
|---|--|------------------------------------|
| Satsar seremoni* | | |
| - Seremoni innanfor ordinær tid, inntil 30 minutt | Utan kostnad | 2000 kr |
| - Seremoni utanom ordinær tid, inntil 30 minutt | 2000 kr | 2000 kr |
| - Seremoni utover 30 minutt | 500 kr per påbegynte halvtime | 500 kr per påbegynte halvtime |
| Leige av kommunen sitt seremonirom (klargjering/rydding av seremonirom før og etter) | Utan kostnad | 300 kr |
| Pynting av kommunen sitt seremonirom (blomster) Enkel pakke (avskorne blomster i vase + levande lys) | 400 kr | 400 kr |

| | | |
|---|-------------------------------|-------------------------------|
| Pynting av kommunen sitt seremonirom (blomster) Standar pakke (blomsteroppsats som brureparet får med seg + avskorne blomster+ lys) | 700 kr | 700 kr |
| Seremoni i andre lokale (Brureparet må bestilla og dekkja kostnadane med lokalet sjølve) | | |
| - Reiseutgifter og evt. overnatningsutgifter (etter avtale) | Faktiske kostnadar | Faktiske kostnadar |
| - Reisetid for vigslar | 400 kr per påbegynte halvtime | 400 kr per påbegynte halvtime |

*I tillegg til sjølve seremonien, dekkjer betalingssatsen utgiftene til vigslar, arbeidet med vigselattest, melding om vigsel og anna før- og etterarbeid.